



**GITARKAMERATER** Minikonsert med Hallgeir Remme, Bjarne Lorgen, Åsmund Ulla, Alf Terje Farstad og Kjetil Kleiva Lervåg.



**KULTURSJEF** Knut Hallvard Ulla.



**BESTESKOKASTING** Brede Andreassen klar med siste skoen og Emma Elstad Verpeide på sprang for å hente. Alle foto: Olav Skarstein



**FELLES LAGFOTO** Bak frå venstre: Simen Ulla, Helge Otterholm, Ole Sivert Otterholm, Simon Åkre, Lidvar Ulla, Åge Flem Ulla, Åsmund Ulla, Hans Erik Verpeide, Jon Carlos Farstad og dommar Hallgeir Remme. Midtrekkja frå venstre: Alice Flem Welle, Jonas Breiseth, Vilde Åkre, Edvard Elstad Verpeide, Benjamin Kalsnes, Edvard Kvåle Ulla, May Elise Eriksen. Framme i liggande positur: Guttorm Ulla, Pål Farstad, Høgne Ulla.

# Sommarfest på Ulla

Kvart år vil Ulla ha godt ver til ein fest som fermer om mange aktivitetar til glede for fastbuande og mange tilreisande.

er grei oppvarming. Alt overskot går til vedlikehald av dette gamle skulebygget like ved den verna naustrekka. Nesten 50 flinke stilte til kunnskapskamp.

## Kultur

Laurdag med, kulturinnslag, tombola, fotballkamp, intimkonsert og grillfest. Du kan vere med på alt, eller velje frå di øvste hylle. Sjefen for kulturen er Knut Hallvard Ulla. Han har samla og han har satt i system. Han fortel og informerer. Han synleggjer Ulla si store historie. Foto, historier, fakta – alt satt i system – og delt på internett. Hugs sida: <http://www.ullanett.com>. Han har gjort eit arbeid som godt kan inspirere til eit kulturpris.

Knut tok oss med på ei reise i Ulla sine glansdagar. Ulla med veg utover havet – ikkje inn i landet. Her kom det inn fisk, sild og hummar. Her var det

eksport til utlandet. Her var det leveransar til fiskeflåten. Service og handel og brennevinsutsal. Ulla var ein by i miniatyr. Dei hadde alt. Butikkar, baker og skomaker. Skomaker og friser var t.d. eit kombinasjonsyrke. Smed og seglmaskar var viktig. Ulla fekk tilflytting frå fastlandet, frå Hildre, frå Ørsta. Her var det pengar i flyt som lokka folk med ein forretningsside som såg høve til inntekter. Postkontor og telefonentral kom etterkvart også til bygda.

## Hummar

Hummar ja – det var eit stort hummarland i området. Levande hummer var eksportvare. Dei fekk den levande til London ved å nytte våt lyng i kasser saman med delikatessa.

Ulla si store tid var på 1800-talet. Rett før vi såg 1900 var handelen på Ulla på nedtur. Nye tider, nye vregar og nye

kommunikasjonar.

Hummaren var også ein viktig overlevingsresurs i krigsåra (1939–1945). Måtte ha nokon å ete i desse harde åra. Hummar vart daglegmat. I eit av krigsåra vart det tatt inn ca. 30.000 hummar til Ulla.

dre godsaker – både litt lite steikt og litt svartsvidd. Godt for sangstemma. Seks gloheite grillar tok i mot medbrakt mat – og metta ein svolten flokk. Kvelden var enno ung, minikonsert og besteskokasting stod for døra. Forst det siste.

Besteskokasting med 2 dame høghel og 1 mann lavhel – med ulik sprett i ulendt terreng – det er ei utfordring. Konkurranse i 3 aldersklasser og lang kø av ivrige deltakrar. Publikum fulgte ivrig med jubla over gode kast nær pinnen. Vinnarar vart kåra.

Folk kosa seg utover den fine sommarkvelden. Litt varmare kle etter kvart og eit teppe mot den litt kjolege nordatrekken. Minikonsert med gitar og song var med på å lage god stemning. Ein triveleg Ullafest på den historiske Ullahammaren.

## Underhaldning og grilling

Tilbake til notida. Ullafesten. Alt skjer utandørs om veret er høveleg. Tombola med eventyrleg god uttelling på gevinst. Karamell og gotteri som sikert holdt ungane vakne på høgt sukker i timesvis. Fotballkamp på Nye Ullavoll – passe stor – med innlagte tuver og dumper. Fire lag i mix alder og kjønn kjempa. Ballen spratt og Hallgeir blaes i flyta og hadde gule kort på lur. Dommarane fekk ikkje skulda heile tida og ein vinnar vart kåra. Trur det var lag 2. Heider og ære.

Denne laurdagen grilla folk i lag – kylling og laks og an-

OLAV SKARSTEIN  
redaksjon@nordrenett.no



**BUSETNING** Modell av den gamle busetninga på Ulla på 1800-talet.